

MC Torsø og Hustrus Legat for studentar i marine fag

Statuttar

vedtekne av styret i Agder Vitenskapsakademi 12 februar 2024

1. MC Torsø og Hustrus Legat i Agder Vitenskapsakademi er framhaldet av "MC Torsø og Hustrus Legat" som vart oppretta i 1945 på grunnlag av ei testamentarisk gåve. Frå 2024 ligg fondet i og blir forvalta av Agder Vitenskapsakademi.
2. Det skal om mogeleg delast ut 1-2 stipend årleg frå fondet til studentar i marine fag på mastergrads- og ph.d.-nivå ved Universitetet i Agder.
3. Styret fastset for kvart år om det skal delast ut eitt eller to stipend, og storleiken på stipendet/stipenda.
4. Styret oppnemner ein komite til å gi innstilling blant søkarane.
5. Søknader om reisestipend skal prioriterast.
6. Stipendmottakarane skal snarast råd sende ein kort rapport til Akademiet om korleis stipendet er brukt.